



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Næringsfondsstyret	
<b>Sakshandsamar:</b>	Landbruk	Laila Bjørge
	Saksnr.: 20/310	Klassering:

### Tilskot frå næringsfondet til kjøp av fylltømmar GBNR 80/1 Farestveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr: 99 200,- i tilskot og kr: 65 968,- i lån til Ann Jorunn Farestveit til kjøp av ny fylltømmar på GBNR 80/1 på Farestveit . Godkjent kostnad er kr 496 000. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad

Vilkår for utbetaling:

1. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
2. Før utbetaling skal mottakar ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlaup av fristen.
4. Tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Ann Jorunn Farestveit med organisasjonsnummer 992190922 søkjer om tilskot og lån frå næringsfondet til kjøp av ny fylltømmar på garden sin GBNR 80/1 på Farestveit.

Kostnad for ny fylltømmer er kr 496 000. Det er søkt om lån frå næringsfondet på kr 65 968 og tilskot på kr 99 200 . Resten er finansiert med anna lånefinansiering og egne midlar.

## Saksutgreiing

Ann Jorunn Farestveit er heiltids bonde og driv med mjølke- og kjøttproduksjon på Farestveit. Ho driv eit jordbruksareal på 256 daa og det er i hovudsak grovforproduksjon og beite. Ho grunnlegg søknad med: *Har i dag orkel fylltømmar 1995 mod. Denne blir ikkje produsert lengre, og delar er vanskeleg å få tak i. No står den i ro p.g.a. knekt aksling, gir. Har ikkje lukkast å få tak i delar, og maskina er slitt elles også. TKS har hatt stopp i produksjon av fylltømmar ei stund p.g.a. lite sal. I år produserer dei 10 stk. Fylltømmaren jamnar graset i siloen ved innkjøring på sommaren og tek ut for på vinteren. Dette sparar oss for tunge løft og er eit viktig HMS tiltak.*

## Vurdering

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som byggjer på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen i ein 5 års periode. Denne har seinare vorte forlenga fram til 2021. I pkt. 1 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det: " Frå Næringsfondet i Modalen vert det ved kjøp av nytt driftsmiddel gjeve 20 % i tilskot og 13,3 % i lån. "

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrkja landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til:

- Oppgradering og fornying av driftsapparat, som kan bidra til kostnadsreduksjon og betre lønnsemd
- Nyare utstyr som kan gje betre arbeidsmiljø og positiv helsegevinst
- Stimulera unge/nye brukarar til å driva gard.

God grovforproduksjon er ein viktig føresetnad for ein mjølkeprodusent. Sjølv om det er mange som nyttar rundballar viser det seg at det kan vera betre økonomi å bruka silo dersom areala ligg i nærleiken og haustearealet ikkje er for stort. Tidsmessig er hausting av rundballar raskare, men innkjøring og utføring om vinteren tek meir tid. Det er og eit miljøaspekt med bruk av plast; det er dyrt å bruka og gjev mykje avfall.

Søkjar har allereie tårnsilo, og dette kombinert med fylltømmer lagar ei rasjonell og kostnadseffektiv grovfôrhandtering. Den gamle fylltømmaren har hatt ei levetid på 25 år som må seiast å vera lenge, det er difor behov for oppgradering. Søkjar skriv og at det er vanskeleg å få tak i ny, og att det dette året vert produsert 10 stk., noko som er ein god grunn til å sikra seg ein av desse.. Alternativ til fylltømmar er at ein person må jamna kvart lass som vert lagt inn i siloen og at ein tek opp siloforet med grabb om vinteren. Dette medfører mange turar opp og ned i siloen og er både meir arbeidskrevjande i tillegg til at det er tungt og meir risikofylt arbeid. For søkjar er dette ei stor investering og det er difor viktig med støtte frå næringsfondet

Finansieringsplan		%
Tilskot frå næringsfondet	99 200	20,0
Lån frå næringsfondet	65 968	13,3
Anna lånefinansiering	150 000	30,2
Eigne midlar	180 832	36,5
Total kostnad	496 000	100,0

Tilskot og lån som det er søkt om i denne saka vil bidra til kostnadsreduksjon på bruket, fordi arbeidet går fortare, det er eit viktig HMS tiltak og søkjar er ung brukar som det er viktig å stimulera til å halda fram med gardsdrifta. Dette er i tråd med føremålet for ordninga.

I saksutgreiinga om ordninga frå 2011 er det peika på at det er viktig for Modalen og ha eit levande landbruk og leggja til rette for framtid drift. Mjølkeproduksjonen i Modalen er sårbar med berre 4 aktive storfebruk med mjølkeproduksjon, og det er difor viktig å ha fokus på desse produsentane. Administrasjonen meiner at å gje støtte til fylltømmar er i tråd med føremålet til ordninga og vil byggja under mjølkeproduksjonen på Farestveit.

### Konklusjon

Løyving av tilskot og lån til som omsøkt vil bidra til kostnadsreduksjon på bruket fordi; arbeidet går fortare, det er eit viktig HMS tiltak og søkjar er ein ung brukar som ein ynskjer skal halda fram med gardsdrifta.

Administrasjonen meiner at å gje støtte til fylltømmar er i tråd med føremålet til ordninga og vil byggja opp under mjølkeproduksjonen på Farestveit.

### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost